

Tiltak for Nordhordland Pistolklubb på GBNR 498/73 i Alver
kommune med adresse Hellandsvegen 350, 5936 Manger.

Sak nr. 21/6029-21/66533


Vi viser til Dykkar brev datert 5. oktober -21 der De ber om ytterlegare opplysningar.

Vi meiner søknaden var fullgod som grunnlag for sakshandsaming og vil grunne det med svar på Dykkar punktvis krav nedafor.:

- 1- Det vert spurt om kva GB som er gjeldande. Det er vist i situasjonskart, teikningar, førehandskonferanse m.m at dette gjeld gnr. 498 og Bnr. 88. Grunna ein inkurie/feiltastetrykk er det notert feil Gnr. I søknadsskjema. Det er sjølv sagt Gnr 498 søknaden gjeld,, slik det er notert alle andre stader i dokumenta.
- 2- Vi legg ved Kopi av avtale mellom Radøy Skyttarlag og Nordhordland Pistolklubb til informasjon. Vi meiner byggjesaka ikkje har noko med privatrettslege avtalar å gjere og at dette kravet ikkje er relevant som krav til naudsynte ekstra opplysningar.
- 3- Gjenpart av nabovarsel. Det er vist i innsendt kopi av elektronisk varsel kva opplysningar som er sendt til naboar. Sjå vedlegg her der dette er markert.
- 4- Det er meiningslaust at bygg og vollar treng målsetjing på situasjonsplanen. Situasjonsplanen er i målestokk og vollar har ulik bredde og høgde. Det følgde med søknaden eit typisk snitt der «typiske» mål på vollar er oppgitt. Vollar er oppbygd av puk og jordmassar. Desse kan enkelt flyttast og tilpassast bruken og er ikkje låst til den viste lokaliseringa/plasseringa i situasjonsplanen. Vi legg ved situasjonskart der bygget er påsett utvendige mål.

Vi vil til slutt ta med at søknaden slik vi ser det kunne handsamast og at det eventuelt kunne stillast krav om å dokumentere Dykkar krav om tilleggsinformasjon før det vart gjeve ferdigattest.

Kolstad 6/10-21



Ing. Taule AS

LEIGEAVTALE

mellom Radøy Skyttarlag og Nordhordland Pistolklubb.

Leigeavtalen gjeld leige av grunn til bygging av naudsynte anlegg for skyting leigetakar driv og bruk av fellesanlegg Radøy Skyttarlag eig. Fellesanlegg er: Skyttarhus, veg inn til anlegget, vegar mellom installasjonane i anlegget, parkeringsplass og elles andre anlegg ein nytter.

1. Radøy Skyttarlag eig grunnen der anlegga er plassert. Eigedomen ligg ved Haukåsen og har eige gards og bruksnummer. G. nr . B. nr.

Radøy skyttarlag er og eigar av skyttarhus, vegar, parkeringsplass, standplass for skyting på 100 og 200 m med tilhøyrande graver og instalasjonar for desse.

2. Nordhordland Pistolklubb kan oppføra anlegg (standplass m tilhøyrande grav og naudsynte innstallasjonar) på nermare anvist stad fastlagt i reguleringsplan, tilpassa den aktiviteten leigetakar skal driva. Området laget kan nytta er avmerka på vedlagte kart over skytebaneområdet.

3. Nordhordland Pistolklubb kan etter nærmare avtale med Radøy Skyttarlag nytta skyttarlaget sitt anlegg for skyting på 100 m.

4. Nordhordland Pistolklubb er ansvarleg for bygging, drift og vedlikehald av egne anlegg. Leigetakar er og ansvarleg for at forsvarleg drift av egne anlegg og at sikkerheitsreglar som gjeld generelt for skyting og spesielt for anlegget vert følgde.

5. Skytebaneanlegg med fleire brukarar har behov for ein del felles anlegg som nemnd ovanfor. Slike anlegg vert omtala som fleirbruksanlegg. Slik avtalen er skriven er det ein føresetnad at leigetakar tek del i finansieringa av fellesanlegga. Dette gjeld både skyttarhus, parkeringsplass, vegar og framføring av elektrisitet til anlegget. Det vil verta søkt om økonomisk støtte i form av spelemidlar og kommunale bidrag til finansiering av fellesanlegga. Av den del av utbyggingskostnadene som ikkje vert dekt av offentlege og private bidrag, skal Nordhordland Pistolklubb svare 25 % , enten i form av dugnadsarbeid eller pengebidrag.

6. Når det gjeld bygging og bruk av anlegg må leigetakar følgja dei retningslinjene som reguleringsplanen set. Vidare må laga som leigar og nyttar anlegg i området samarbeida om oppsett av terminlister, slik at ein unngår kollisjonar av større stemner på bana.

7. Leigetakarar som har anlegg i området må teikna naudsynt forsikring av anlegga. Vidare må leigetakar teikna ansvarsforsikring og sørgja for at brukarane er forsikra.

8. Dersom denne avtalen vert misleghalden av leigetakar, gjev det Radøy Skyttarlag rett til å seia opp avtalen straks og utan opphald.

9. Denne avtalen gjeld i 40 – førti år - frå dato for underskrift. Likevel kan avtalen seiast opp av leigetakar før dette tidspunkt om dette er ønskeleg. Då med ei oppseiingstid på 1, eit, år, rekna frå 1 januar året etter oppseiing.

10. Når leigetakar trekkjer seg ut, enten ved utløp av avtalen eller ved oppseiing tidlegare, tilfello alle bygg og innstallasjonar som er sette opp på utleigar sin eigedom Radøy Skyttarlag.

11. Drifts- og vedlikehaldsutgifter for fellesanlegg skal fordelast mellom laga som har anlegg på eigedomen. I utgangspunktet skal desse utgiftene delast likt på laga. Samarbeidsutvalet skal likevel kvart år koma med framlegg til fordeling av desse kostnadene mellom laga.

12. Det er laga ein eigen avtale for skyttarhuset som omhandlar bruksrett, fordeling av kostnader og leige av skyttarhuset til arrangement som ikkje har med skyting å gjera.

13. Dersom det oppstår usemje mellom utleigar og leigetakar om denne avtalen, skal saka løysast ved voldgift. Kvar av partane nemner opp ein representant til voldgiftsnemnda og Det frivillige skyttervesen (DFS) nemner opp ein representant, som er formann i nemnda.

14. Avtalen skal godkjennast av Det frivillige skyttervesen.


15. Dersom det er naudsynt med omsyn til søknad om tippemidler eller annan søknad om offentlege midlar til anlegget kan avtalen tinglysast.

16. Avtalen vert skriven i to eksemplar og kvar av partane får kvart sitt underskrivne eks.

Manger den 6/3-2016

Arvid Alstadson

Helge Jansen



Radøy Skytterlag

Nordhordland Pistolklubb

Utleigar

Leigetakar

C1
stav2



Kvittering for nabovarsel

Prosjekt: Radøy Pistolklubb
Søker: Karl Atle Taule
Altinnreferanse: AR431461193

Eiendom/byggested

Adresse: 4631/498/88/0/0,
Kommune: ALVER

Gårdsnr.: 498
Bruksnr.: 88
Festenr.: 0
Seksjonsnr.: 0

Adresse: Hellandsvegen 350 , 5936 MANGER
Kommune: ALVER

Gårdsnr.: 438
Bruksnr.: 73
Festenr.: 0
Seksjonsnr.: 0

Følgende vedlegg er sendt med nabovarselet:

Vedleggstype: Nabovarsel Situasjonsplan Annet TegningNyFasade TegningNyttSnitt AndreRedegjørelser	Filnavn: Nabovarsel.pdf Tegninger-snitt-sitplan.pdf GodkjenningPolitiet.pdf Tegninger-snitt-sitplan.pdf (1)Tegninger-snitt-sitplan.pdf ReferatFraForhåndskonferanse.pdf
--	--

Følgende naboer har fått sending av nabovarsel med tilhørende vedlegg:

Eier/fester av nabo eiendom: MYRTVEIT ØYSTEIN
Adresse: **Gårdsnr.:** 438 **Bruksnr.:** 12 **Festenr.:** 0 **Seksjonsnr.:** 0

Nabovarsel sendt via: Fellestjenester Bygg
Nabovarsel sendt: 27.05.2021 13.35.38

Eier/fester av nabo eiendom: VESTLAND FYLKESKOMMUNE
Adresse: **Gårdsnr.:** 438 **Bruksnr.:** 58 **Festenr.:** 0 **Seksjonsnr.:** 0
498 78 0 0

Nabovarsel sendt via: Fellestjenester Bygg
Nabovarsel sendt: 27.05.2021 13.35.48

Eier/fester av nabo eiendom: VESTLAND FYLKESKOMMUNE
Adresse: **Gårdsnr.:** 438 **Bruksnr.:** 58 **Festenr.:** 0 **Seksjonsnr.:** 0
498 78 0 0


Nabovarsel sendt via: Fellestjenester Bygg
Nabovarsel sendt: 27.05.2021 13.35.59

Eier/fester av nabo eiendom: ALVER KOMMUNE


Nabovarsel

Sendes til berørte naboer og gjenboere

plan- og bygningsloven av 27. juni 2008 nr 71 § 21-3

Til (nabo/gjenboer) Radøy Skyttarlag Radøyvegen 1739 5936 MANGER		Tiltak på eiendommen: Gnr. 438 Bnr. 73 Festenr. 0 Seksjonsnr 0 Adresse Hellandsvegen 350 Postnr. 5936 Poststed MANGER Kommune 4631 Eier/fester Radøy Skyttarlag	
Som eier/fester av: Gnr. 498 Bnr. 88 Festenr. 0 Seksjonsnr 0 Eiendommensadresse			
Det varsles herved om			
<input checked="" type="checkbox"/> Nybygg	<input type="checkbox"/> Påbygg/tilbygg	<input type="checkbox"/> Midlertidig bygg	<input checked="" type="checkbox"/> Anlegg
<input type="checkbox"/> Skilt/reklame	<input type="checkbox"/> Endring av fasade	<input type="checkbox"/> Innhegning mot veg	<input type="checkbox"/> Antennesystem
<input type="checkbox"/> Riving	<input type="checkbox"/> Bruksendring	<input type="checkbox"/> Matrikkel endring	<input type="checkbox"/> Annet
Dispensasjon etter plan- og bygningsloven kapittel 19			
<input type="checkbox"/> Plan og bygningsloven	<input type="checkbox"/> Kommunale vedtekter	<input type="checkbox"/> Arealplaner	<input type="checkbox"/> Vegloven
			Vedlegg nr. B -
Arealdisponering			
<input type="checkbox"/> Arealdel av kommunedel	<input checked="" type="checkbox"/> Reguleringsplan	<input type="checkbox"/> Bebyggelsesplan	
Navn på plan 12602006000600			
Beskriv nærmere hva nabovarselet gjelder			
Oppføring av standplass med lager og kontor, samt skivevoller for Radøy Pistolklubb.			Vedlegg nr. Q -
Spørsmål vedrørende nabovarsel rettes til			
Foretak/tiltakshaver Radøy Pistolklubb			
Kontaktperson, navn Bjarne Solbakken	E-post sbjarne@hotmail.com	Telefon	Mobil 90206189
Søknaden kan ses på hjemmeside:			
Merknader sendes til			
Eventuelle merknader skal være mottatt innen 2 uker etter at dette varselet er sendt. Ansvarlig søker/tiltakshaver skal sammen med søknad sende innkomne merknader og redegjøre for ev. endringer.			
Navn Ing. Taule AS	Postadresse Radøyvegen 1400		
Postnr. 5936 Poststed MANGER	E-post atle@ing-taule.no		
Vedlegg			
Beskrivelse av vedlegg	Gruppe	Nr. fra - til	Ikke relevant
Dispensasjonssøknad/vedtak	B	—	<input checked="" type="checkbox"/>
Situasjonsplan	D	1 — 1	<input type="checkbox"/>
Tegninger snitt, fasade	E	1 — 4	<input type="checkbox"/>
Andre vedlegg	Q	1 — 1	<input type="checkbox"/>
Underskrift			
Sted Radøyvegen 1400	Dato 26/5-21	Underskrift ansvarlig søker eller tiltakshaver 	
Gjentas med blokkbokstaver ING. TAULE AS			

DA



Anko AS - Bergen
 Edvard Griegs vei 3B - 5059 Bergen
 55387870 / www.anko.no

SKRAVUR
 VOLL
 BYGG

SITUASJONSKART
 STANDPlass OG VOLLER
 KLUBBhus - LAGEZ
 (BANE 498/88)

ANKO
 ANKODATAUTPENSJON

Date: 2020.05.22
 Sign: SY

Anko AS
 Bergen
 Innmalt pistolbane og sikkerhetsone
NORDHEDLAND PISTOLKLUBB
 Pistolbane Radøy

N
 100m
 Målestokk
 1:1400